



Lavoen vart lagt flat av orkanen og slik ser det ut for basen til utebarnehagen på Skårhaug no. Dette biletet vart teke fredag og det er førsteklassen som er på besøk på staden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Orkanen herja også med lavoen til utebarnehagen som har basen sin på Skårhaug. Den vart rett og slett lagt flat og barnehagen vart "huslause". Men det vart ikkje nølt med bestillinga av ein ny lavo med ei leveringstid på 10 dagar og difor skal den nye vera på plass om ei veker tid frå no.**

Heimesida til Uskedalen Oppvekstsenter opplyser at barnehagen likevel har vore ute dei dagane som har gått sidan lavoen var øydelagt, sjølv om dei ikkje har vore på Skårhaug.

- Vi håpar at foreldre og barn har tålmodigheit. Medan vi ventar på den nye lavoen, skal vi bruke ulike rom på skulen, i tillegg til at vi går tur i nærområdet, står det å lesa på heimesida.

Der blir det og opplyst at Helene Huse Bjørnebøle har begynt å jobba som pedagogisk leiar i 60 prosent stilling resten av barnehageåret. Gunn Kristin Dagestad dekker opp dei resterande 40 prosent i utebarnehagen.

- Ellers har vi Vigdis Haugland og Eva Irene S. Myklebust, som er kjente fjes for alle, sluttar artikkelen om situasjonen for utebarnehagen.

Av Ola Matti Mathisen